



## **Studieplan**

# **Bachelorgradsprogram i filosofi**

UiT Norges arktiske universitet  
Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning

**Gjeld frå og med hausten 2012**

V-5. Sist justert 09.06.15

**Tittel:**

Bokmål: Bachelorgradsprogram i filosofi

Nynorsk: Bachelorgradsprogram i filosofi

Engelsk: Bachelor's Degree Programme in Philosophy

**Oppnådd grad ved fullført studium**

Bachelorgradsprogrammet i filosofi fører fram til graden *Bachelor i filosofi*.

**Opptakskrav**

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

**Søknadsfrist**

Søknadsfristen er 15. april. Elektronisk søknad via Samordna opptak. Studiekoden er 186 479

**Omfang:** 180 studiepoeng (ECTS), normert studietid er 3 år.

**Yrkesutsikter / Målgruppe**

Bachelorstudiet i filosofi er eit allmenndannande studium som kvalifiserer for arbeidsoppgåver som set krav til refleksjon og analytisk tenking, arbeid med å formulere føresetnader og sjå konsekvensar, oppdage problem og moglege løysingar, evne til å orientere seg kritisk og sjølvstendig, og som inneber skriftleg framstilling av kompliserte årsaks- og verknadssamanhengar. Filosofiens undring og kritiske blikk på mennesket, samfunnet og verda i ein kulturhistorisk samanheng gjer ein eigna for arbeid innafor kultur og samfunnsliv.

Alt etter korleis ein komponerer programmet, vil ein bachelor i filosofi kvalifisere for til dømes medie- og kulturarbeid, arbeid ved museum, bibliotek, forlag, i statleg og kommunal forvaltning, privat næringsliv, utgreiingsarbeid og undervisning.

For å bli lærar må ein ta praktisk-pedagogisk utdanning etter bachelor- eller mastergradsstudium. Ein bachelor i filosofi kvalifiserer for masterstudium i filosofi og dei tverrfaglege masterstudia der filosofi inngår.

**Kompetansemål**

Etter avslutta studium og oppnådd grad skal studentane ha desse læringsresultata:

**Kunnskap:**

- Basiskunnskap i følgjande grunnleggande disiplinar i faget:
  - Filosofihistorie
  - Vitskapsfilosofi og logikk
  - Etikk
- Fordjupingskunnskap og spesialisering i utvalte område av filosofien.

**Ferdigheiter**

- Reflektert tileigning av filosofiske tekstar ut frå grunnleggande faglege krav til tekstlesing.
- Evne til formidling av faget gjennom relevant bruk av fagterminologi.

**Kompetanse**

- Tileigning av eit grunnlag for vidare fagleg oppfølging i eit masterstudium.
- Formidle fagleg innhald både munnleg og skriftleg.
- Kunne arbeide sjølvstendig med ei gitt problemstilling.
- Medvit om og evne til å vere open overfor kunnskap og perspektiv frå andre fagområde.
- Medvit om og respekt for ulike tilnæringsmåtar til filosofiske spørsmål grunna i ulike historiske og kulturelle epokar og i ulike skuleretningar.

## Fagleg innhald

Studiet i filosofi inneber arbeid med filosofiske problem både frå fortid og samtid. Såleis er fagleg tradisjonsformidling ein vesentleg del av arbeidet med filosofiske problem. I filosofistudiet handsamar ein den vestlege tanketradisjonen, slik den byrjar med filosofisk arbeid i det antikke Hellas. Grunnleggande problemområde i filosofihistoria er metafysikk, kunnskapsteori og etikk, og tilnærminga i praktisk filosofi, vitskapsteori og logikk er både diakron og synkron. Eit av hovudføremåla er å utvikle evna hos studentane til kritisk og sjølvkritisk saumfaring av ”opplesne og vedtekne” sanningar.

## Oppbygging av studiet

Bachelorstudiet i filosofi skal ha minimum 90 studiepoeng filosofiemne ut over examen philosophicum (10 studiepoeng), examen facultatum (10 stp.) og introduksjonsemne (10 stp). Det er ingen krav til breidde. Dei resterande 60 studiepoenga kan vere filosofiemne eller dei kan vere støtteemne frå andre fag. Det er ein fordel om desse studiepoenga naturleg støttar opp under den retninga ein har valt i bachelorstudiet.

Av dei 90 påkravde studiepoenga i filosofi er det ein obligatorisk del på 50 poeng, som utgjer basisemna i studiet: filosofihistorie I og II, etikk, vitskapsfilosofi og logikk.

I tillegg inngår ei fordjuping på minimum 40 valfrie studiepoeng, alt etter kva for område innafør filosofien ein ønskjer å spesialisere seg i. Av dei valfrie emna må ein velje minimum to emne blant FIL-2000-emna. Vi oppmodar studentar som tenkjer å begynne på masterstudiet i filosofi at dei i siste semesteret av bachelorstudiet skriv ei bacheloroppgåve i emnet FIL-2090.

Dei som er tekne opp på studieprogrammet tar basisemna i ei gitt rekkefølge i løpet av dei to første studieåra. Sjølv om emna ikkje krev spesifikke forkunnskapar og ein kan ta dei som einskildemne, må en likevel innan ein tar eksamen i alle basisemna, ha fullført examen philosophicum, examen facultatum og introduksjonsemnet.

Alle emna skal som hovudregel gå gjennom heile semesteret, ein studerer difor fleire emne parallelt.

## Planoversyn

Semester	10 studiepoeng	10 studiepoeng	10 studiepoeng
1. sem (haust)	FIL-1005 Filosofihistorie I	<u>EXF-0710</u> <u>Examen facultatum</u> <u>ved HSL-fakultetet</u>	FIL-1000 Innføringsemne i filosofi
2. sem (vår)	<u>FIL-0700</u> <u>Examen philosophicum,</u> <u>Tromsøvarianten</u>	FIL-1006 Filosofihistorie II	Valfritt/støtteemne
3. sem (haust)	FIL-1007 Etikk	FIL-1004 Vitskapsfilosofi	Valfritt/støtteemne
4. sem (vår)	FIL-1002 Logikk Valfritt/støtteemne/utveksling	Valfritt/støtteemne/utveksling	Valfritt/støtteemne/utveksling
5. sem (haust)	Valfritt/støtteemne/utveksling	Valfritt/støtteemne/utveksling	Valfritt/støtteemne/utveksling
6. sem (vår)	Valfritt/støtteemne	Valfritt/støtteemne	Valfritt/støtteemne

1. semester gir Examen facultatum ei innføring i humaniora og samfunnsvitskapane si historie og tenkemåtar, samt innføring i vitskapsteoretiske tema og problemstillingar med vekt på ulike grunnleggjande spørsmål innafor kjerneområda i filosofien, samt øving i å analysere og sjølv skrive akademiske tekstar. Filosofihistoria gir oversikt og innsikt i antikkens og rasjonalismens filosofi, med hovudvekt på grunntankar hos Platon, Aristoteles og Descartes. Desse emna gir eit godt grunnlag for vidare studiar generelt og studiar i filosofi spesielt.

2. semester tar filosofihistoria for seg sentrale filosofiske retningar i nytidars filosofi, med hovudvekt på grunntankar hos Hume, Kant og minst ein filosof frå tida etter Kant. Examen philosophicum gjer studentane kjende med vesentlege spørsmål ein kan stille til menneskeleg erkjenning og til moralsk og politisk praksis, slik dei er blitt stilte i løpet av filosofiens historie og i dag. I tillegg kan studenten anten ta eit valemne i filosofi eller eit støtteemne frå eit anna fag.

3. semester gir Etikk ei generell oversikt over etisk teori, og meir konsentrert om kantiansk etikk, konsekvensialisme og dygdsetikk slik vi finn dei i dagens etikkdiskusjonar. Vitskapsfilosofien omhandlar grunnleggjande spørsmål kring kunnskapens opphav, omfang og grenser, bruk og verknader. Ein får kunnskap om sentrale nåtidige vitskapsteoretiske posisjonar og den aktuelle vitskapsteoretiske debatten. I tillegg kan studenten anten ta eit valemne i filosofi eller eit støtteemne frå eit anna fag.

4. semester gir Logikk grunnleggjande kjennskap til setningslogikk og predikatslogikk. Studentane tileignar seg metodar for å avgjere om argument er gyldige eller ugyldige, og dei blir introdusert for teoriar om logiske aspekt ved naturlege språk. I tillegg kan studenten anten ta valemne i filosofi eller støtteemne frå andre fag.

Dei valfrie påbyggingsemna på 2000-nivå føreset at ein allereie har avlagt 90 studiepoeng, dei bør altså ikkje bli tatt før tidlegast i 4.semester, og helst etter at dei to andre valfrie filosofiemna er tekne, i og med at eit 2000-emne er ei påbygging til desse.

5. og 6. semester tar ein anten valemne i filosofi eller støtteemne frå andre fag, alt etter kva som måtte passe best inn i studiet elles. Dersom ein skal skrive bacheloroppgåve i filosofi må ein gjøre det i 5. eller 6. semester.

Det er lagt til rette for at studentane i det fjerde eller femte studiesemesteret skal kunne studere eitt semester filosofi ved eit universitet i utlandet. (Drar ein utanlands fjerde semesteret, kan ein ta logikk i sjette semester). Desse 30 poenga inngår anten som del av dei 90 poenga i filosofi eller kjem i tillegg. I sistnemnde tilfelle vil emna i filosofi utgjere 120 poeng.

## Emneporteføljen

### Obligatoriske emne

<u>FIL-0700</u>	Examen philosophicum, Tromsøvarianten	10 stp.
<u>FIL-0710</u>	Examen Facultatum for samfunnsvitskapelege fag	10 stp.
<u>FIL-1000</u>	Innføringsemne i filosofi	10 stp.
<u>FIL-1002</u>	Logikk	10 stp.
<u>FIL-1004</u>	Vitskapsfilosofi	10 stp.
<u>FIL-1005</u>	Filosofihistorie I	10 stp.
<u>FIL-1006</u>	Filosofihistorie II	10 stp.
<u>FIL-1007</u>	Etikk	10 stp.

(Det er ikkje berre Tromsøvarianten av examen philosophicum som vert godkjent, men også Distrikts- og Nettvarianten og godkjende examen philosophicum variantar frå andre universitet og høyskular. Også andre examen facultatum variantar og innføringsemne kan bli godkjent).

### Valfrie emne

FIL-1011	Bioteknologi og etikk	10 stp.
FIL-1012	Global rettferd	10 stp.
FIL-1013	Miljøfilosofi	10 stp.
FIL-1014	Klassisk politisk filosofi	10 stp.
FIL-1015	Erkjennelsesteori og bevisstetsfilosofi	10 stp.
FIL-1017	Feministisk filosofi	10 stp.
FIL-2022	Moderne politisk filosofi	10 stp.
FIL-2024	Språkfilosofi og pragmatikk	10 stp.
FIL-2027	Sosialfilosofi	10 stp.
FIL-2028	Eksistensfilosofi	10 stp.
FIL-2090	Bacheloroppgåve i filosofi	10 stp.

(Av dei valfrie emna må ein velje minimum to emne blant FIL-2000-emna).

### Studieretningar

Programmet gir rom for ulike spesialiseringar i retning av t.d. lærarutdanning eller forskarutdanning. Dei 60 studiepoenga med støtteemne kan ein nytte til å gi bachelorgraden ulike retningar.

- Vi tilrår studentar som ønskjer å arbeide i skuleverket, å legge inn eit anna undervisningsfag med 60 studiepoeng omfang som støtteemne (emnegruppe) frå språk- og samfunnsfag eller realfag, for eksempel Matematikk (årsstudium), Religionsvitskap (årsstudium), Årsstudium i engelsk, Årsstudium i nordisk. Studiet gir da undervisningskompetanse i to fag. Etter bachelor/masterstudiet må ein ta praktisk pedagogisk utdanning for å få undervisningskompetanse. Tar ein så mastergraden i filosofi får ein ei klassisk lektorutdanning.
- Dersom ein tenkjer i retning av ei forskarutdanning og reknar med å gå vidare på masternivå, kan det vere aktuelt å trekke inn støtteemne som byggjer opp under den spesialinteressa ein har.
- Ein kan også gi bachelorgraden spesiell kompetanseoppbygging med sikte på arbeid innafør kultursektoren, sosialsektoren osv. alt etter kva slags støtteemne ein vel.

Vi gjer merksam på at det kan vere hinder for å kunne delta på ein skilde kurs, både i høve til kva tid dei blir tilbodne og i høve til opptakskrav. Undersøk sjølv om du har tilgang til emna og/eller tidspunkt for undervisning og eksamen i emna. Emne kan bli reviderte eller lagd ned og nye kan komme til.

### Lektorutdanning:

Etter avlagd bachelorgrad med eit skulefag i tillegg til filosofi kan ein søke seg inn på Mastergradsstudiet i filosofi. Etter dette tar du praktisk-pedagogisk utdanning heiltid eller deltid (60 stp.), og ein er lektor i filosofi med eitt fag i tillegg.

## **Undervisnings- og eksamensspråk**

Norsk eller engelsk

### **Undervisning**

Undervisninga blir gitt som førelesingar, seminar og gruppeundervisning. Gjennom dei ulike undervisningsformene får studentane høve til å arbeide med filosofiske tema ut frå ulike tilnærmingar, noko som ein vonar skal gi dei eit større læringsutbytte. Undervisningsform og omfang er nærare beskrivne i dei einskilde emnebeskrivingane.

### **Eksamen og vurdering**

Eksamen er ei mappeevaluering som i hovudsak består av ei heimeoppgåve og ein avsluttande prøve, anten skuleeksamen eller munnleg. Elementa i mappa blir vurderte under eitt og gitt ein samla karakter. Alle emna har obligatoriske arbeidskrav, som må vere avlagde og godkjende før ein kan levere endeleg eksamen i emnet.

Eksamen blir vurdert med ein karakterskala på 5 trinn frå A-E for bestått eksamen, der A er beste karakter, E dårlegaste karakter, og karakteren F betyr at ein ikkje har stått. Kontinuasjoneksamen er særskilt omhandla i dei enkelte emneplanane.

### **Evaluering av studiet**

Studieprogrammet blir evaluert årleg. Emna som inngår i studieprogrammet, blir evaluerte minst ein gong i løpet av programperioden. Emneevalueringa består av studentane og faglærar si evaluering.

### **Utanlandsopphald**

Det er lagt til rette for at studentane i det fjerde eller femte studiesemesteret skal kunne studere eitt semester filosofi ved eit universitet i utlandet. Desse 30 studiepoenga inngår anten som del av dei 90 poenga i filosofi ein må ha, eller kjem i tillegg.

Institutt for filosofi har ei rekkje utvekslingsavtalar og Erasmus-avtalar. Det ligg føre ei liste over alle godkjende utvekslingsavtalar her: <http://uit.no/studieavd/utveksling/>. På denne staden finn du informasjon om søknadsfristar, framgangsmåte og annan vesentleg informasjon.: [http://www2.uit.no/www/ansatte/organisasjon/internasjonalisering?p\\_dimension\\_id=30849&p\\_menu=65794](http://www2.uit.no/www/ansatte/organisasjon/internasjonalisering?p_dimension_id=30849&p_menu=65794)

### **Vidare studie**

Med bachelorgrad kan du bli tatt opp til mastergradsstudiet i filosofi. Graden er også opptaksgrunnlag til master i visuelle kulturstudie og fleire tverrfaglege masterstudie, som urfolksstudiet og fredsstudiet ved Universitetet i Tromsø.

IFF  
090615  
pbj